



Vil ha felles prosjekt på Manger

Som tidlegare omtalt vert det jobba med planar for utviding av Manger sentrum, mellom anna fordi Rema 1000 ønskjer større plass. To interessantar er på bana med planar for Manger. Ut frå mailar sendt frå ordføraren, tyder alt på at formannskapet ønskjer at desse skal slå sine krefter saman for å få fram nye skisser for korleis Manger sentrum kan byggjast ut.

Får meir for å driva kantina

AUSTRHEIM: Det interkommunale selskapet Aufera med tilrettelagte arbeidsplassar får betalt for å driva kantine på rådhuset. Til no har Aufera betalt husleige, i eit skriv nyleg gjorde dagleg leiar det klart at kommunen må betala dersom tilbodet skal halda fram som i dag. Formannskapet har godkjent ein avtale som inneber at selskapet får 82 000 i året for å driva kantina. (Illustrasjonsfoto)

Forlenga frist for økonomisjef

AUSTRHEIM: Tidens lotto-gevinst hamna i Austrheim førre onsdag, no kan du kanskje sikra deg jobben som økonomisjef i kommunen vinnaren skattar til. Austrheim kommune skulle eigentleg ha vore i gang med tilsetjinga av ny økonomisjef, men har i staden måtta forlenga fristen for å koma med søknad fram til første februar. Stillinga har eit omfattande ansvar, og inngår som ein del av toppleinga i kommunen.

Nok med ein turistbåt på fjorden?

GULEN: Fylkeskommunen ønskjer ikkje at Fjord1 skal få driva turistbåt på Sognefjorden med stopp i Eivindvik.

ATLEVAAGE

Argumentet frå fylkesdirektøren for Samferdsle er noko oppsiktsvekkjande. Direktøren meiner at det ikkje er brukt for ein båt til, all den tid Tide allereie har etablert ei turistrute. Direktøren meiner båten berre vil ta kundar frå eit allereie eksisterande tilbod, og at to båtar ureinar meir enn ein. Fjord1 sitt ønske er å ha båt frå Bergen til dei mest populære sommardestinasjonane, som Flåm, Balestrand og Fjærland. Tanken var og å ha stopp i Eivindvik. Tide har varsla søksmål dersom det vert gitt klarsignal til ei slik rute. Fjord1 på si side meiner det må vera fri konkurranse, og forventar like moglegheiter som Tide.

Vil sikra framtida

Sogelaget vil ha offentleg eigde minnesmerke

RADØY: Dei to kulturminnesmerka Bogatunet og Syltastova treng nytt eigarskap. Radøy sogelag vil ha det offentlege på bana.

ATLEVAAGE
atle@nordhordland.no

Bogatunet på Kviste sør for Manger og Syltastova nord for Bøvågen er dei to eldste bygningane på Radøy. Begge to er rekna å stamma frå slutten av 1500-talet eller tidleg på 1600-talet. Husa er viktige fordi dei gir eit godt bilde av korleis fiskarbonden levde. Bogatunet viser i tillegg korleis eit slikt tun har utvikla seg og blitt bygd ut etterkvart.

Fanst ikkje lokalt lag

– Den gongen desse to bygningane vart sikra som kulturminne, fanst det ikkje noko lokalt sogelag på Radøy. Dermed vart eigarskapen plassert i det som heitte Nord- og Midthordland sogelag. No tek dei attlevande medlemmane i det laget til å bli langt oppe i åra, og aktiviteten i laget går ned. Difor er det viktig å finna ei ny eigarform for desse viktige husa på Radøy før Nord- og Midthordland sogelag rett og slett går inn, seier Einar Borgund frå Radøy sogelag.

Drøftar eigarskap

Når laget har årsmøte 21. februar, står spørsmåla kring eigarskap til



TRENG SIKRA FRAMTIDA: Radøy sogelag vil ha kommunen eller museumssenteret i Salhus på bana som eigarar av Bogatunet og Syltastova. Her er ein skuleklasse på Bogatunet, ein tradisjon som er del av Kystsogeveken. (Arkivfoto)

dei to minnesmerka på dagsorden. Borgund opplyser at det lokale sogelaget har 200 medlemmar, og god aktivitet.

– I praksis er det ikkje behov for endring i drifta. Radøy sogelag har stått for drifta i dei over tjue åra laget har eksistert.

Vi skal vera med og bidra for å bevara og driva Bogatunet og Syltastova, men er skeptisk til eigarskap. Det følgjer ein del økonomiske forpliktelsar med å eiga slike bygningar. Her meiner Radøy sogelag at det offentle-

ge må på bana, seier Borgund til Nh.

Ei stifting?

Han hevdar at Radøy kommune til no har vist liten interesse for å koma inn på eigarsida. Sogelaget håpar difor det regionale museumssenteret i Salhus skal fatta større interesse for bygningane.

– Men først må eigarstrukturen vera på plass. Det som ofte er vanleg for slike minnesmerke er at det står ei stifting bak. Ei slik

“Det følgjer ein del økonomiske forpliktelsar med som gjer at sogelaget er skeptisk til å stå som eigar.”

løysing kan vi godt tenkja oss er aktuell her på Radøy og, seier Einar Borgund.

Vil visa Amerikafeber

Vest Norsk Utvandrarsenter på Sletta søker støtte for å visa spelet “Amerikafeber” i sommar.

ATLEVAAGE
atle@nordhordland.no

Johannes Hegland har skrivne “Amerikafeber”. Spelet vart første gong vist på utvandrarsenteret på Sletta i år 2000. No skal senteret markera sitt 15-års jubileum, og i samband med det ønskjer ein å setja opp tre førestillingar. Som for tolv år sidan er det frivillige frå bygda som skal stå for det meste, inkludert mange av rollene i spelet.

Avdelingsleiar Ida Dyrkorn Heierland skriv og at ein trur spelet kan vera med og gje nye generasjonar eit forhold til utvandrarsenteret, og såleis rekruttera folk til arbeidet med



senteret. Spelet Amerikafeber skildrar situasjonen på bygdene i Norge for over hundre år sidan, då fattigdom tvang mange til å reisa frå alt dei hadde kjært for å søkja lukka på andre sida av Atlanteren. På Sletta står i dag mange hus reist takka vera heimsende “amerikapengar”.

Kostnaden med spelet er rekna til 330 000, der det meste er knytt til dei profesjonelle aktørane ein treng. Kommunen vert søkt om 20 000 i støtte.

Vil kjøpa konkursbu

AUSTRHEIM: Årsvågen Panorama står framleis som eit halvferdig prosjekt. No vurderer kommunen å kjøpa restane.

ATLEVAAGE
atle@nordhordland.no

Årsvågen Panorama er eit hytteområde nord for Årælfellet. Då feltet i si tid vart godkjent, var tanken at ein skulle opna for store hytter med standard god nok til at dei seinare kunne bli heilårsbustader. Håpar var at velstående bergensarar skulle lika seg så godt i Austrheim at dei rett og slett melde flytting og vart gode skattebetalarar.

Ein god del tomter er selt, og hytter bygd. Men etterkvart melde problema seg for dei pri-

vate utbyggjarane. Det heile enda med konkurs. Eit par raske eigarskifte seinare, og det vart vanskeleg for Austrheim kommune å finna ut kven ein skulle forholde seg til for å få kravd ferdig dei tekniske anlegga.

Dei som har bygd hytter etterlyser mellom anna ei lova båthamn, asfalt og breiare vegar.

Konkursbuet søkte i fjor om å få halda fram utbygginga for å skaffa pengar til å gjera området ferdig, men kommunen kjøpte ikkje den løysinga. No har altså det nye formannskapet opna for at kommunen i staden kjøper heile området. Rådmannen og formannskapsmedlem Ernst Stellberg er førebels valt til å gå i forhandlingar med konkursbuet.

Tre vil bli oppvekstleiar i Austrheim

AUSTRHEIM: Tre søkjarar har meldt seg til stillinga som kommunalsjef for oppvekst og utdanning i Austrheim kommune.

Stillinga vil få overordna ansvar for skule, barnehage og anna som har med oppvekstskår å gjera. Stillinga er nyoppretta, og vil inngå i rådmannen si toppleiargruppe. På søkjarlista finn vi Torleiv Frotjold (fødd 1952) frå Radøy. Han er noverande rektor ved Radøy ungdomsskule og skuleutviklingsleiar i Radøy. Vidare Kristine Rossnes (fødd 1974) busett på Fedje og noverande lærar i Austrheim. Yngste søkjar er Frode Hervik (fødd 1976), også han frå Radøy, og noverande stipendiat i historie ved senter for middelaldersstudiar ved Universitetet i Bergen.